

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR FOLKESTADBYEN

REGULERINGSBESTEMMELSAR

1. AVGRENSING

Reguleringsbestemmelsane gjeld for området som er markert med reguleringsgrense på reguleringsplanen i mål 1 : 1000, sist retta den 21. 03. 1997.

2. MÅLSETTING

Hovudmålsettinga med reguleringsplanen er å ta vare på og utvikle den særeigne karakteren og kvalitetane til Folkestadbyen, og gjere den meir triveleg og attraktiv ved å:

- Ta vare på kulturhistoriske og antikvariske verdier ved enkeltbygg og ved området sett under eitt.
- Legge til rette for tilbakeføring av eldre bygg som har blitt endra.
- Legge til rette for ei opprusting av dei offentlege areala.

3. REGULERINGSFORMÅL

3.1 Byggeområde

Bustadformål (B1-B15)

Områda kan brukast til bustader med tilhøyrande garasjer, uthus o.l. Det kan også tillatast innslag av mindre næringsverksemder som ikkje er til vesentleg ulempe for bustadområdet.

Næring/bustad (NB1-NB6)

Områda kan brukast til ei blanding av næring (handel, kontor) og bustad. Det kan tillatast innslag av offentlig service.

Næringsformål (N1-N3)

Områda kan brukast til næringsformål (handel, kontor). Det kan tillatast innslag av offentlig service.

Offentleg formål - Museum - (O1-O2)

Områda skal brukast til museumsaktivitetar i samsvar med vedtektene til Fyresdal Bygdemuseum. Det kan tillatast innslag av bustader og næringsverksemd som ikkje er til skade for museumsverksemda. På O1 kan det settast av område for leik.

Allmennyttig formål (A1-A2)

Områda skal brukast til forsamlingshus.

3.2 Offentlege trafikkområde

Område for miljøprioritert gjennomkøyring (MPG)

Hovudgata (V5) skal utformast som eit område for miljøprioritert gjennomkøyring der ein tillet biltrafikk og parkering, men utformar det slik at ein oppnår låg køyrefart og sikrar tilstrekkeleg areal for fotgjengarar og opphald i gata.

Det skal utarbeidast ein detaljplan for opparbeiding av hovudgata som skal godkjennast av Teknisk hovudutval. Planen skal også ta med nedre del av Skippergata, området mellom banken og det nye forretningsbygget og kryss med tilstøytande gater og vegar. Planen skal utarbeidast av kommunen i samarbeid med grunneigarar og brukarar, og den skal i detalj vise areal for opphald, bilparkering, sykkelparkering, beplantning, plass for torghandel frå bil, møblering, materialbruk, gjerde m.m.

3.3 Fellesområde

FO-1 skal vere felles avkjørsel for B-1.

FO-2 skal vere felles avkjørsel for B-2, B-3, B-15 og A1.

FO-3 skal vere felles avkjørsel for B-6 og B7.

FO-4 skal vere felles avkjørsel for N-3, B-12 og framtidig utbygging på Århusjordet som grensar inntil planområdet.

FO-5 skal vere felles avkjørsel for B-11.

FO-6 skal vere felles avkjørsel for B9.

4. SPESIALOMRÅDE FOR BEVARING

Ved handsaming av byggesaker og andre tiltak skal bygningsrådet sjå til at kulturhistoriske og antikvariske verdier - ved den enkelte bygningen eller ved området sett under eitt - blir tatt vare på.

Alle meldepliktige arbeid i bevaringsområdet skal vurderast av fylkeskonservatoren, eller den han gerr fullmakt til det, før søknaden blir behandla.

Bygningar som blir regulert til bevaring

Eksisterand ebygningar som er verneverdige og som blir regulert til bevaring er markert med tjukk strek på kartet. Det kan ikkje tillatast at desse blir rivne, utan etter brann eller liknande.

Ved reparasjonar skal eksteriøret haldast uendra eller - dersom det har blitt endra - førast tilbake til opprinneleg utsjåande. Så langt det er råd skal opprinnelege bygningsdelar brukast. Panel, detaljar, takteking, piper, vindu, fargar m.m. skal vere kopiar av dei opprinnelege.

Andre bygningar i bevaringsområdet

Ved utbetring av andre eksisterande bygg i bevaringsområdet (uten tjukk strek) skal fasadeutforming, detaljar og materialbruk og fargar tilpassast den verneverdige bebyggelsen. Dette gjeld også uthus og garasjar. Ve

tilbakeføring skal den stiltype som huset opprinneleg har hatt leggst til grunn.

Evt. tilbygg skal utformast i same stil og med same detaljering som hudedhuset.

Nybygg i bevaringsområdet

Evt. nybygg skal tilpassast til den eldre bebyggelsen i området når det gjeld dimensjonar, hovedform, materialbruk og fargar, men uten å kopiere . Dette gjeld også uthus og garasjar.

5. FRISIKTSONER

I frisiktsonene skal det vere fri sikt over 0.5 m over planet på tilstøytande veg.

6. SKILT OG REKLAME

I heile planområdet er det ikkje høve til å setje opp skilt eller reklameinnretningar o.l. uten at bygningsrådet har gitt sitt samtykke. Samtykke kan berre gjevast inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom.

Skilt som er mindre enn 15x50 cm og som er plassert på vegg eller gjerde, kan setjast opp uten samtykke frå bygningsrådet.

Innafor bevaringsområdet skal det ikkje setjast opp skilt eller reklame som ikkje er tilpassa karakter og historie i området.

7. FELLESBESTEMMELSAR

Bygningsrådet kan tillate mindre vesentlege unntak frå desse bestemmelsane når det er særlege grunnar som talar for det, og det kan skje innafor ramma av plan- og bygningslova. Unntak frå bestemmelsane i 7. Generelt om spesialområde for bevaring, skal leggst fram for fylkeskonservatoren - eller den han gir fullmakt - til vurdering.

Etter at denne reguleringsplanen med reguleringsbestemmelsane som høyrer til er eigengodkjent/stadfesta kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller bestemmelsane.

Dato: 10. 06. 1997.